

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke		21/241

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
026/2021	Formannskapet	PS	14.09.2021

Avvikling av bygg- og anleggsavdeling - BKK produksjon

Forslag til vedtak:

Formannskapet i Modalen vedtek slik uttale til styret i BKK

Saksopplysningar:

Uttale frå formannskapet i Modalen

Formannskapet i Modalen kommune er uroa for planane om avvikling av bygg- og anleggsavdelinga i BKK Produksjon. Me er uroa for dei tilsette som vert råka og kva lagnad desse får. Modalen kommune er ein liten kommune der innbyggjarane er avhengig av den felles arbeidsmarknaden i regionen. Difor vil ei avvikling også råke innbyggjarar i vår kommune, som frå før har begrensa tilgang til arbeidsplassar.

BKK har i mange tiår vore ein viktig aktør for lokalsamfunnet i Modalen. De har hatt mykje å seie for utviklinga av kommunen, til slik me kjenner den i dag og dette er noko me sjølvstøtt sett stor pris på.

Når det no ser ut til at det ikkje er mogleg for konsernet å halde fram med anlegg og vedlikehald i eigen regi, vil formannskapet i Modalen kommune tydeleg oppmode om at dei tilsette og deira organisasjonar sine ønskjer om styrt avvikling, og å halde fram med BKK som arbeidsgjevar, vert sterkt vektlagt når styret skal ta si avgjerd.

Me ynskjer lukke til med arbeidet vidare.

Formannskapet - 026/2021

FOR - behandling:

Samrøystes vedteke

FOR - vedtak:

Formannskapet i Modalen vedtek slik uttale til styret i BKK, med dei endringane som kom fram i møtet